

M	T	O	T	F	L	S
Kl. 07-09 Booking	Kl. 07-09 Booking	Kl. 07-09 Booking	Kl. 07-09 Booking	Kl. 07-09 Booking	Kl. 07-09 Booking	Kl. 07-09 Booking
<b>Kl. 10-12 Drop-in Frivillig- sentralen</b>					<b>Kl. 10-12 Drop-in Vinter- laugar</b>	Kl. 10-12 Booking
Kl. 14.30- 16.30 Booking	Kl. 14.30- 16.30 Booking	Kl. 14.30- 16.30 Booking	Kl. 14.30- 16.30 Booking		Kl. 14-16 Booking	<b>Kl. 14-16 Drop-in Vinter- laugar</b>
Kl. 17-19 Booking		<b>Kl. 17-19 Drop-in Vinter- laugar</b>	Kl. 17-19 Booking	Kl. 17-19 Booking	Kl. 16.00- 18.00 Booking	<b>Kl. 16.00- 18.00 Drop-in Vinter- laugar</b>
Kl. 19-21 Booking	Kl. 19-21 Booking	Kl. 19-21 Booking	<b>Kl. 19-21 Drop-in (oddetalsv eker</b>	Kl. 19-21 Booking	Kl. 19-21 Booking	



Gå til:

<https://www.aal.kommune.no/meny/kultur-og-fritid/badstove/>  
eller skann QR-koden for info om booking, drop-in og bruk av badstova:



ÅL KOMMUNE

# BADSTOVE OPPSJØ VASSPARK

DROP-IN & BOOKING  
TIMEPLAN HAUST-VINTER  
2025-2026

## BADSTOVEVETTREGLAR

1. Ver venleg å sørg for at du er rein før du går i badstova.
2. Sitt på handkle i badstova.
3. All bading og bruk av badstova skjer på eige ansvar. Ikkje svøm aleine/uset.
4. Ver merksam på at det kan vere glatte golv både ute og inne.
5. Ta omsyn til andre, hald lydnivået nede i badstova.
6. Spør før du heller på vatn på omnen.
7. Ikkje bruk duftoljer eller kroppskrubb i badstova.
8. Born under 18 år må vere i følge med foresatt.
9. Kjenner du deg ukomfortabel, svimmel eller søvniq – forlat badstova straks.
10. Røyking er forbode. Ingen mat og snus i badstova.
11. Det er ikkje lov å nyte alkohol på badeplassen og i badstova.

### Pust ut, ro ned og nyt



## PAKKELISTE

- Hugs badetøy!
- Ta med 2 handkle, eit til å sitte på (obligatorisk) og eit til å tørke deg med.
- Sandalar eller badesko.
- Pose til vått badetøy
- Ei stor flaske vatn.

Smykker og briller blir varme i badstova. Me rådar dykk til å ta dei av.

## HYGIENE OG REINHOLD

Ei hyggeleg oppleving i badstova startar med god hygiene. Venlegast ver rein før du kjem, og bruk alltid eit handkle når du sit. Etter bruk, venlegast rydd opp og tørk golva for vatn og sand. Ved overdriven tilgrising vil det bli fakturert eit reingjeringsgebyr på kr. 950,-.



# BRUK AV BADSTOVA

## ADKOMST

Badstova på Oppsjø Vasspark Ål ligg ved Ål idrettspark, nærare bestemt mellom Bråta og Oppsjø Næringspark. Det er mogeleg å parkere på Bråta (adresse: Ål Idrettspark 1). Det er ca 500 m å gå frå parkeringa langs ein grusveg. På vinterstid må ein gå på sida av skiløypa.

## DROP-IN

Ål Frivilligsentral og Hallingdal Vinterlaugarlag organiserer drop-in-tilbod i badstova på Oppsjø. Sjå vekekalender for tider. Endringar kan forekomme.

## BOOKING

Det er mogleg å booke heile badstova på oppsette tider: Sjå vekeplan. Du bestiller tid ved å skanne QR-koden under, eller her: <https://www.aal.kommune.no/meny/kultur-og-fritid/badstove/>

Etter bestilling får du tilsendt kode på epost og sms som du brukar for å låse opp. Badstova er ikkje varm ved ankomst. Oppvarmingstid ca. 40 min er rekna med i bookingtida.

## BOOK HER!

